

KYRKJEBLADE FOR ÅL



NÅR DET FULLKOMNE KJEM / 50-ÅRSKONFIRMANTAR / UNG ORGANIST
KLUBB 3.16 / FAMILIEBALUBA / ALLEHELGENSDAG OG GLASSMALERIER

NR. 5 | 2018 | 59. ÅRGANG



Foto: Erika Braaten

PIO, Pilegrim i orgelsko, er et nasjonalt prosjekt for barn og ungdom som spiller orgel, og som i år ble arrangert i Stavanger. Solveig Braaten fra Ål var en av deltakerne. Hun fikk øve i seks ulike kirker i løpet av helgen – her er hun i Frue kirke (Hetlandkirken).



Av Tone Idunn
Kjerland Anthun

Den gylne regel

Mennesker påvirkes av fellesskapet som de er en del av, og formes deretter. Som barn lærer vi hvordan vi skal opptre, og etter hvert blir samfunnets verdier, normer, regler og tenkemåter en del av oss. Vi sosialiseres og utvikler sosiale strukturer. Dette kan være vennegjenger, fotballag, musikkband osv. Vi påvirkes av det meste. Og vi lar oss antakelig påvirke lettere enn vi tror. For hva er bakgrunnen for musikksmaken vår, klesstilen og det vi liker å gjøre på fritiden? Er det mulig at ungdommen som går i sorte klær, har langt hår og hører på black metal, ville gått i rosa og hørt på popmusikk hvis hun ble født et annet sted eller vokste opp under andre forhold?

Overganger i livet. Tenk bare første skoledag. Regler, lærere, medelever og klasserom – alt det nye og uprøvde. Og bare tenkt på overgangen fra barn til ungdom. En tid som gjerne er fylt med helt nye venner og interesser. Og selv om man var bestevenner i starten, kan man gå ut av skolen etter 10 år som fremmede. Så reagerer vi alle på det som er nytt på hver vår måte. Men vi trenger vennskap. Vi har bruk for medmennesker vi kan snakke om hverdaglige ting med, dele sorger og glede med, spørre til råds og diskutere med. Men vi lever også i et samfunn der mange har nok med seg. Mange er mer ensomme enn de ønsker, andre har flere venner. Noen ønsker få og nære venner, eller vil kun ha venner som er lik dem selv. Andre velger å bli venn med dem som er annerledes eller som på en eller annen måte skiller seg ut.

Prøv å forestille deg at du gjør de gode tingene mot andre som du ønsker de skal gjøre mot deg. Ville du da merke en forskjell? Vi mennesker er sosiale skapninger som trenger fellesskap. Så snakk til folk, si hei og smil. Vis interesse for andre, vær raus med ros, forsiktig med kritikk. Ta hensyn til andres følelser og meninger. Men det er likevel ikke bestandig så enkelt, hverken for voksne eller barn. Vi prøver gjerne, men får det ikke alltid til. Da er det godt vi har fått den gylne regel som kan hjelpe oss til å få det bedre - og til å være gode med hverandre: «Alt dere vil at andre skal gjøre mot dere, skal også dere gjøre mot dem.» (Matteus, 7.12)

Formiddagstreff - Hausten 2018

Ål kyrkjestugu kl 11 - 13

Onsdag 7.nov.:

Tema: Sundre 1950 – 2050? v/Hallgrim Berg • Andakt: Gunnvor Kreken

Onsdag 5.des.:

Tema: Vinjeåret; det er 200 år sidan forfattar og språkpioner Aasmund Olavsson Vinje vart født v/Magny Folkedal • Andakt: Marianne Laa

Onsdag 2.jan. 2019.:

Tema: Jordmor Ingebjørg Skjervheim, «Mor Theresa av Tansen» i Nepal v/ Guri Ekse • Andakt: Toril S. Sønsteby

Vats bedehus kl 12-14:

Onsdag 28.nov

Tema v/ Reisebrev frå Canada, utvandring, Edvard Hoem v/Lars Jordet.

Andakt: Ingvard Solberg

Julefeiring på kafé TID



Også i år blir det julefeiring på Kafé TID kl 17-22 julften. Det blir tradisjonell julemat, samt alternativ meny, musikk, song m.m. 1.juledag er det brønsj kl 13. Velkommen!

Ta gjerne kontakt om du har lyst til å vere med på feiring og om du kan tenke deg å vere med som frivillig før, under eller etterpå. Arrangementet vil vere opent for alle, små og store, og mat og opplegg blir forma etter kven som melder seg på.

Om du/de ynskjer å vere med og /eller ynskjer å bidra i forkant, under eller etterpå ta kontakt med kyrkjekontoret: 32 08 61 61 eller diakon på tlf: 40 45 57 83

Hilde Kirkebøen

KYRKJEBLAD FOR ÅL

REDAKSJONSKOMITÉ Tone Idunn Kjerland Anthun • Arne Jensen • Olav O. Moen

BANKGIRO 2320.20.70272 | ADRESSE Postboks 140, 3571 Ål | UTGJEVAR Leveld, Torpo og Ål sokneråd

GRAFISK PRODUKSJON Kreator, 3570 Ål, Telefon 3208 2560, www.kreator.no

KYRKJA I ÅL

KYRKJEKONTORET Ope tysdag-fredag kl. 08.30–14.00 | Tlf. 32 08 61 61 Vakttlf. kl. 17.00–08.00 + helgane 954 71 644 | aal.kyrkje@hallingnett.no | www.aal.kyrkja.no

FUNG. PROST Arne Jensen | SOKNEPREST Vigdis Moen Storhaug | PROSTIPREST | KYRKJEVERJE Kjellfred Dekko | SEKRETÆRAR Line Østro • Guro Stave

KANTOR Audun Flæn | MUSIKARAR Ingunn S. Lie • Håkon Tveito | DIAKON Hilde Kirkebøen | KYRKJELYDSPEDAGOG Kristine Giljebrekke Andersen | REINHALDAR Rezene Habtom

KYRKJETENARAR Håkon Tveito • Per Hermann Kolsrud • Morten Storhaug | SOKNERÅDSLEIAR Einar Brattegard | FELLESRÅDSLEIAR Torfinn Slåtto

Når det fullkomne kjem ...

«Sanneleg, sanneleg, eg seier dykk: Den som høyrer mitt ord og trur på han som har sendt meg, har evig liv og kjem ikkje for dommen, men har gått over frå døden til livet.» Slik kan me lesa i Johannesevangeliet kap. 5.



Av Magny R. Folkedal

Dette var Jesu ord til jødane. Dei tok til å forfylgja Jesus fordi han hadde gjort ein mann frisk, ein mann som hadde vore sjuk i heile 38 år! For eit tøft liv og for ei forandring! Ikkje rart at mannen fortalte om det som hadde hendt. Men dette hendte på ein sabbat, ein heilag dag, då det ifølgje lova var strenge reglar for kva ein kunne og kva ein ikkje kunne gjera.

Jesus hadde ordet i sin munn: «det er ikkje min eigen vilje eg vil fremja, men hans vilje som sendte meg.»

Menneske let seg fasinere av Jesu kloke ord. Han hadde ein fabelaktig evne til å målbinde tilhøyrrarane sine. Og me som les eller hører desse orda i dag, kan bli slått av visdomen i utsegna. Me kan kjenne at dei rører ved oss.

Men greier me å tru dei, at dei gjeld meg og deg? Kan me setja vår lit til at Jesu ord er sanne? Jesus poengterte orda i avsnittet med eit dobbelt

utsagn: «Sanneleg, sanneleg!» Som for å understreke kor viktige orda var, her vart det sagt noko som var verdt å lytte til. Orda var viktige den gongen. Eg trur dei også gjeld i dag. Mange menneske kan stadfeste at Jesu ord har skapt forandring i livet deira.

«Den som høyrer mitt ord» - det gjeld å høre, på nytt og på nytt. Slik blir trua grunnfest og styrkt.

**Men greier me å tru dei,
at dei gjeld meg og deg?
Kan me setja vår lit til
at Jesu ord er sanne?**

«Tru på han som har sendt meg» - «Far har sendt meg» - Jesus kalla Gud for Far. Så er det ikkje likegyldig kven me trur på eller kva me trur.

«Har evig liv» - kva betyr det? Dette er eit mykke brukt uttrykk i Bibelen, men å forstå fullt ut kva som ligg i desse orda, er nok ikkje gjeve oss menneske. No skjønar me berre stykkevis.

Håpet er at me ein gong skal forstå fullt ut, at me ikkje skal koma for dommen, at me skal gå over frå døden til livet. «Når det fullkomne kjem, skal det som er stykkevis, ta ende.»

Dette er håpet for den som hører og som trur.

50-årskonfirmantane 1968-2018

Sundag 27. mai var jubilantane invitert til folkemusikkgudsteneste i Ål kyrkje og middag på Sundre Gjestestugu. I alt 28 deltok. Dagens prest var Elin Lunde, studentprest og utflutt åling. Ål-koret og Kvarts deltok også i gudstenesta. Fyrtalsmann under bordsetu var i år også Tormod Skarsgard.

Tekst: Olav Moen

Fleire av deltakarane held gode taler; om minner frå skule-/ungdomstid i Ål og god omtale av meny og vertskap. Og me fekk med oss melding om at me burde ha sendt invitasjonane tidlegare, før planane for våren er lagt for kvar einskild.



FOTO: LEIF OTTO LISHAUG

BAKERST: Olav Andreas Stake, Vidar Rekve, Ola Sletto, Hallgrim Myro/ Ragnvald Tønnesen, Torgrim Breihagen/ Ragnar Eliassen, Thor Waldrop/ Einar Bergaplass.

MIDTERST: Ingrid Medhushaugen Aalrust, Kari Ingrid Medgard Ådnegard, Karin Rugeldal Sandven, Wenche Guri Berg Edwin/ Edith Fluto Gunhildgard/ Hjørdis Buseth Grue, Arnfrid Dalby Kollhus, Britt Evjen Brevik, Karen Margrethe Erlandsrud, Birgit Stølen Millstein.

FREMSTE REKKJE: Randi Kvelprud Stein, Inger-Lise Kolbjørnsgard Holo/ Inger Oddveig Stræte Sørboen, Gro Stave Holeplass, Aud Haldis Reinton Utgård, Solveig Toril Haugerud, Kari Barskrid Ulsaker, Kari Bergaplass og Gudveig Bergaplass Fingansen.

SOLVEIG BRAATEN:

Ung organist

I Norge er det, i følgje rådgiver for kirkemusikk i Kirkerådet, Hildegunn Opstad Smørgrav, mellom 100 - 200 unge som spiller kirkeorgel. En av dem er 13 år gamle Solveig Braaten fra Votndalen. Solveig har spilt piano i 7 år. Hun hadde hjemmeundervisning de to første årene med opplæring av far, før hun begynte som pianoelever ved Ål kulturskule. Der fikk hun Ludmilla Petrova som lærer. For om lag 2 år siden spurte Petrova, som også er kirkeorganist i Hol, om Solveig hadde lyst til å lære seg å spille kirkeorgel.

Tekst: Tone Idunn Kjerland Anthun

- Jeg hadde aldri tenkt tanken engang før Ludmilla spurte meg, så det er helt tilfeldig, sier Solveig. Nå veksler hun på undervisning på klassisk piano og kirkeorgel, og stortrives med det. Hun har spilt under gudstjeneste i både Hol kyrkje og Torpo kyrkje, og har dermed, tross for sin unge alder, fått litt erfaring som orgelmusiker i kirken.

De to siste somrene har Solveig vært deltaker som pianist på Valdres sommersymfoni, som, siden starten i 1994, har etablert seg som en av de mest interessante klassiske festivalene. Her snakker vi om Nord-Europas største kurs for klassiske musikkta-lenter, der vel 300 barn og unge møtes for inspirasjon og musikkglede. Og i høst ventet nye utfordringer. Solveig fikk plass på et rekrutteringsprogram for unge organister, kalt PIO. Dette står for Pilegrim i orgelsko, og ble arrangert for tredje gang nå i år, i Stavanger. PIO er et nasjonalt prosjekt for unge organister mellom 9 og 25 år, der sampill og improvisasjon er viktige læringskomponenter. Og det ble undervist både i grupper og individuelt, og med et "mestermøte" mellom amatør og profesjonell musiker. Sammen skulle de, på tvers av alder og ferdigheter, utforske orgeltradisjonen. Solveig fikk øve i seks forskjellige kirker, og hun spilte konsert i Grødem kirke og under søndagsgudstjeneste i Lura kirke.

Et av delmålene til PIO er å bidra til rekrutting til utdanning og yrkesliv som kirkemusiker i Den norske kirke. Dette passer Solveig godt. Siden hun var liten har hun trivdes godt i kirken, og har lenge hatt lyst til å utdanne seg til et yrke med kirken som



Øving i Stokka kirke.
foto: Erika Braaten



- Jeg vil søke meg inn på Kongshaug musikkgymnas i Os utenfor Bergen etter ungdomsskolen. Deretter ønsker jeg å studere kirkemusikk ved Norges musikkhøyskole i Oslo

Solveig Braaten

arbeidsplass. Kombinert med interessen for musikk generelt, og orgel spesielt, er veien videre omsider stakket ut.

- Jeg vil søke meg inn på Kongshaug musikkgymnas i Os utenfor Bergen etter ungdomsskolen. Deretter ønsker jeg å studere kirkemusikk ved Norges musikkhøyskole i Oslo, sier hun.

Og det er ingen tvil om at musikken betyr mye for den unge Votndalsjenta. Hun er et talent med stort engasjement for instrumentet sitt.

- Man får fort nye venner innen musikksgjengeren, og så er det gøy å skulle få spille mer orgelmusikk. Det gleder jeg meg til, sa hun før hun reiste til Stavanger. Og det fikk hun rett i. Hun traff mange hyggelige folk og dyktige musikere, og har bl.a. blitt invitert til å delta på Ung orgeldag i Jevnaker kirke i slutten av oktober. Helgen i Stavanger har, med andre ord, ført til at Solveig nå har kommet inn i et lite, men unikt miljø.

«Pilegrim i orgelsko» var en travl helg med tett program, men også lærerik og sosial. Og det gav mersmak. Det er ikke mange ungdommer i dag som ønsker å satse på kirkemusikk som levevei. Men Solveig er fornøyd med valget sitt. Hun er glad i å spille orgel, og synes det er kjekt å kunne få drive på med det hun liker aller best - hver dag.

Solveig har prøvd orgelet i Ål to ganger, og jeg ser for meg at hun vil øve på orgelet med jevne mellomrom. Hun virker motivert, spiller musikalsk og har potensiale til å bli veldig god! Solveig spilte postludium 1. juledag på Torpo, og det er absolutt aktuelt at hun kan delta ved gudstjenester i tida framover.

Audun Flæn, kantor i Ål kyrkje

Det er ikke mange ungdommer som spiller orgel, men mitt klare inntrykk er at det de siste årene har blomstret opp med orgelklubber. Det er også en større bevissthet rundt orgel for barn og unge, og flere elever får øyne og ører opp for instrumentet. Bare det siste året har to nye orgelklubber startet opp her i landet, og det er mange kirkeorganister som har en eller to elever. På den måten kan en være med å bidra til rekrutteringen av fremtidens kirkemusikere.

«Instrumenter i fokus» er et annet nasjonalt rekrutterings- og tiltaksprosjekt som skal gå over tre år (2017-2019), og som arbeider spesielt for at flere barn og unge skal spille noen utvalgte instrumenter som det er få utovere på for tiden. Dette gjelder obo, fagott, kontrabass, harpe og kirkeorgel.


Hildegunn Opstad Smørgrav, rådgiver for kirkemusikk i Kirkerådet

Klubb 3.16

Hausten 2017 starta ein gjeng med ungdommar med nokre engasjerte vaksne i ryggen Klubb 3.16. Ungdommane ville ha ein stad der dei kunne vere seg sjølv. Ein fristad og ein stad å bygge gode relasjonar.



ILLUSTRASJON: ANDREAS KASLEGARD



Utover våren hadde dei klubbkveldar ca annakvar fredag på Kafé Tid. Ungdommar er med i alt frå planlegging og gjennomføring. Vi vaksne som er med, er glad i ungdom og er til stades for å skape miljø, tryggleik og bygge relasjonar. Ein klubbkveld inneholdt gjerne velkomstdrikk, leiker, spel, konkurransar, dans og nokre gonger eit inspirasjonsord/video. Det vil alltid vere trygge vaksne tilstades og klubben er ein rusfri klubb.

Fredag 21. september stod eg bak disken på Kafé TID. Lokalet var fullt av ungdommar som dansa og leika. Latter, ballongar og høg musikk fylte lokalet. Eg tok ein prat med den nye leiaren av klubben, Marie Skjerdal. Ho er lærar på Torpo skule og innflyttar frå Nordmøre.

- Kvifor driv du klubb 3.16?

– For det første driv vi klubben ut frå eit positivt menneskesyn. Vi trur at Gud elskar kvart menneske, og at vi er kalt til å BRY OSS. Les Johannes 3.16, så forstår

dykk koden til klubben. Dette viser seg i at klubben skal vere ein trygg tilholdsstad for ungdommane der dei kan senke skuldrene og vere seg sjølv. Her kan dei spele spel, slappe av, danse, leike, snakke og kose seg med litt mat og drikke. Eg er takksam for høve til å vere med å skape eit slikt stad for dei fantastiske ungdommane i Ål. Det gir meg stor glede og masse energi. Håpet mitt er at eg – i lag med fantastiske medarbeidere – skal få bidra med noko positivt: eit smil, ein klapp på skuldra og kanskje nokre gode råd. Håpet er at alle som er innom klubben skal føle seg sett og elska, fortel ho.

– Alle ungdom er velkommen uansett livssyn, men vi som driv klubben har Jesus som vårt førebilete og trua som vårt anker, avsluttar Marie.

For meir informasjon kan du bli medlem av Klubb 3.16 på Facebook eller legge til Klubb 3.16 på Snap.

Kristine G Andersen

Håpet mitt er at eg – i lag med fantastiske medarbeidere – skal få bidra med noko positivt: eit smil, ein klapp på skuldra og kanskje nokre gode råd. Håpet er at alle som er innom klubben skal føle seg sett og elska.

Marie Skjerdal, klubbleiar



FOTO: MARIA LOVGREN



For 5. år på rad blir det arrangert Hallovenn i Ål idrettshall. Dette er et initiativ tatt av mødre fra de ulike menighetene på Ål, og er for alle barn fra 3 – 12 år onsdag 31. oktober.

Hallovenn er et alternativ til Halloween. Her kler vi oss i koselige og morsomme kostymer, har mange gøyale aktivitetar - og ikke minst får vi masse godteri! Inngang er 50 kr pr barn. Vaksne som følger er gratis. Det er salg av kaker, vafler og kaffe i kaféområdet.

Velkommen!

Hanne Christine Øvrejorde

familiebaluba

Middag, for heile familien, bibelforteljing og aktivitetar for borna, kaffi og prat for dei vaksne.

**21.sept. – 19. okt. – 16.nov. – 14. des. – 8. feb.
på Evjens Minne kl. 16.30 – 18.30.**

Velkommen!

Arr. Trusopplæringsutvalet og Sundagsskulen.



VI GÅR I KYRKJA

04.11.18 - Helgemesse

Leveld kyrkje	11.00	Gudsteneste Takkoffer: Leveld, Torpo og Ål sokns misjonsprosjekt i Senegal
Torpo kyrkje	11.00	Gudsteneste Takkoffer: Leveld, Torpo og Ål sokns misjonsprosjekt i Senegal
Ål kyrkje	17.00	Gudsteneste Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet

11.11.18

Ål kyrkje	11.00	Gudsteneste Takkoffer: Ål sundagsskulelag
-----------	-------	--

18.11.18

Torpo kyrkje	11.00	Gudsteneste Takkoffer: Kyrkjebladet
--------------	-------	--

25.11.18

Ål kyrkje	11.00	Gudsteneste Takkoffer: Leveld, Torpo og Ål sokns misjonsprosjekt i Senegal
-----------	-------	---

02.12.18

Ål kyrkje	11.00	Gudsteneste Takkoffer: Norges kristelige Student – og Skoleungdomslag
Torpo kyrkje	18.00	Lysmesse Takkoffer: Norsk Lutherisk Misjonssamband

05.12.18

Ål kyrkje	19.30	Enkel nattvergdugsteneste i advent
-----------	-------	------------------------------------

09.12.18

Leveld kyrkje	11.00	Gudsteneste Takkoffer: Familievernkontoret Ring./Hallingdal
---------------	-------	--

12.12.18

Ål kyrkje	19.30	Enkel nattvergdugsteneste i advent
-----------	-------	------------------------------------

16.12.18

Torpo kyrkje	11.00	Gudsteneste Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet
--------------	-------	--

Takkoffer med Vipps! Søk opp aktuell kyrkje i Vipps-appen
på smarttelefonen eller bruk følgjande nr:

Torpo kyrkje: 95799 | Ål kyrkje: 95789 | Leveld kyrkje: 95798 |
Vats fjellkyrkje: 95796



by DNB

Morgenbøn

Ål kyrkje er open for ei stille morgenstund kvar tysdag kl. 08.00-09.00

KYRKJEVERJA SITT HJØRNE

Gravlegging på heimstølen

Somme spør om det går ann å bli gravlagt ved hytta eller liknande. Gravferdslova seier at gravlegging berre kan skje på offentleg gravplass. Det gjeld også urne.

Om ein tenker sprenging av oska etter kremasjon har det i seinare tid vorte meir fleksibelt kor det kan gjerast. Søknad om oskesprenging går til Fylkesmannen.



Samtaler for par, familier og enkelpersonar.
Kommunikasjon, konfliktløsing, foreldre-
rettleiling,mekling m.m.Tilbodet er gratis

Tlf. 32 12 33 44

Torget 5, Ål. Pb. 119, 3571 Ål
E-post: familievernkontoret.
ringrike.hallingdal@bufetat.no

For døve og tunghørde;
send sms til: 404 88 126
www.familievern.no • www.bufetat.no

Leder: Heidi Albrigtsen
Familieterapeutar: Marit Haug Noss,
Frøydis Stoveland Dekko, Anita Etterlid
Sekretær: Guro Stave

DØDE

Ål:

13.08. Torkjell Myking f. 1940
19.08. Oddvar Ragnar Vestenfor f. 1930
22.08. Arne Bjella f. 1931
01.09. Ole Berg f. 1928

Leveld:

21.08. Ågot Bergaplass f. 1925

Torpo:

31.08. Ingrid Marie Brenna f. 1939

VIGDE

Leveld:

01.09. Gunnhild Magnetun Thorsen
og Steinar Paulsen

DØYPTE

Torpo:

26.08. Ariel Gauteplass Rygg

Ål bygdamuseum:

02.09. Karoline Valstad Løstegård

Ål:

23.09. Amund Hagen Herfoss

Neste nr. av kyrkjebladet kjem ut
i midten av desember. Stoff til bladet
må leverast kyrkjekontoret/epost:
tone-idunn.anthun@hallingnett.no
Frist innan 15. november

Allehelgendsdag og glassmalerier

En flokk barn var på besøk i kirken. Ei av jentene ble veldig fascinert av glassmaleriene. Presten fortalte litt om personene som var avbildet. Da hun kom hjem, kunne jenta stolt fortelle at nå visste hun hva helgener var. En helgen, sa hun, det er et menneske som har latt lyset ovenfra få stråle gjennom seg.

Slik blir en helgen et menneske som gjennom livet sitt har gjort det lettere for oss andre å få øye på Jesus, og tro på ham. Navnet Allehelgendsdag, som markeres første søndag i november, indikerer at den har noe med helgener å gjøre. I vår kirke er den i praksis en dag hvor vi minnes de som er døde. Da tennes det ekstra mange lys på kirkegården. Mens tanker rundt de- og det som ikke lenger er, lett føder både savn og takknemlighet.

Allehelgendsdag er jorden på vei mot den mørkeste tiden på året. Mange som fikk livet forandret da de mistet den de var glad i, kan også oppleve landskap av mørke inni seg. Til det skal vi merke oss at mange av bibeltekstene Allehelgendsdag handler om håp. Ikke et håp som gir oss gamle dager tilbake, men et håp som kan gjøre morgendagen lysere.

Det håp Bibelen tegner peker på troens nye liv, oppstandelsen fra de døde. Det at livet tar slutt betyr ikke at døden har vunnet. Da kvinnene kom for å se til Jesu grav opplevde de noe ingen andre har erfart. Dette er blitt fortalt om dem for alltid siden. De møtte en tom grav, og en engel som


sa: Frykt ikke! Jeg vet at dere søker Jesus, den korsfestede. Han er ikke her, han er oppstått, slik som han sa (Matt. 28).

Det kristne håp strekker seg utover dette liv, noe som blant annet er forutsagt hos profeten Jesaja: *Se, jeg skaper en ny himmel og en ny jord, sier Herren. Ja, gled og fryd dere til evig*

tid over det som jeg skaper (Jes. 65). Den kjente evangelisten Billy Graham beskrev dette på sin måte, da han en gang talte for en stor menneskemasse og sa: En dag kommer dere til å lese i avisen at Billy Graham er død. Ikke tro et eneste ord av det, for den dagen vil jeg være mer levende enn noen gang. Jeg har bare fått ny adresse.

Billy Graham døde 21. februar i år. Mange med ham har det kristne håp som retning for livet. Troen på evig liv i Guds rike gir oss del i noen av evighetens sider alt nå. Underveis er alle som tror på Jesus kalt til å la lyset fra ham skinne gjennom oss. Slik det heter i salmen: Å leva, det er som havet, å speglia Guds himmel av. Det kan føre til at enda flere mennesker får øye på Jesus, og tror på ham.

Arne Jensen



En dag kommer dere til å lese i avisen at Billy Graham er død. Ikke tro et eneste ord av det, for den dagen vil jeg være mer levende enn noen gang. Jeg har bare fått ny adresse.

Billy Graham


Tro og Lys julekonsert i Ål kyrkje

Onsdag 21.november kl.18.00

- "Musikk for alle" frå Nesbyen
- Kåre Sand, torader, Åshild Høgberg, dikt.
- Helsing v/ Vigdis Moen Storhaug
- Mat og program i Kyrkjestugu kl 16.30

BETWEEN 5.-7. KLASSE

Kristen klubb for 5.-7. trinn. Me er saman og prater, leikar og et digg mat.
Det er avslutning i Ål kyrkje med enkel liturgi.



For meir informasjon: lik facebooksida: Between Ål føresette
Kontaktperson: Ingvild Kaslegard – 900 41 993
Datoer: 12. okt, 9. nov og 7. des kl 18–21,
Møtestad: Evjens Minne, på Torget.